



Alversund Montessori barnehage
Alvermarka 41
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 15/31466

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2015

Vedtak om godkjenning av Alversund Montessori barnehage.

Vedtak:

Alversund Montessori barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Alversund Montessori barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 339 m². Barnehagen er godkjent for 72 barn over 3 år.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Utearealet i Alversund Montessori barnehage er mindre enn rettleiande norm i Lov om barnehage. Dette har barnehagen kompensert ved å inngå avtale med Alver Hjort om bruk av areal utanfor barnehagen jfr avtale datert 28.11.2013. Skulle avtalen falle vekk, må ein sjå på godkjenninga på nytt.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Alversund Montessori barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.



Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Montessori barnehage

Alvermarka 41

5911

ALVERSUND